

Høyring – NVE sitt framlegg til ei nasjonal ramme for vindkraft på land Uttale frå Hardanger og Voss Reinsdyrlag

Vi viser til dykkar høyringsbrev av 1. april 2019 og til dykkar brev av 12. april same året om utsett svarfrist til 1. oktober.

Hardanger og Voss reinsdyrlag har registrert at forslaget som er på høyring, ikkje omfattar areal som ligg innafor interesseområdet for reinsdyrlaget. Dette ser vi som svært positivt for laget si drift. Til orientering legg vi ved vår e-post av 20. mars 2019 til NVE, med innspel til analysearbeidet knytt til utarbeiding av forslaget til nasjonal ramme for vindkraft på land.

Helsing

Olav Finne

For styret i Hardanger og Voss Reinsdyrlag

DRIFTSPLAN FOR HARDANGER OG VOSS REINSDYRLAG

Lengda av planperioden

Planperioden er 5 år frå og med hausten 2017. Planen skal deretter justerast på grunnlag av utviklinga av bestanden.

Organisering

Hardanger og Voss reinsdyrlag SA er eit selskap med 514 parteigarar. Parteigarane er grunneigarar med beiterett i det aktuelle fjellområdet i kommunane Granvin, Voss, Kvam, Vaksdal og Samnanger.

Reinsdyrlaget har eit styre med 9 faste medlemmer og 5 varamedlemmer (1 frå kvar av dei aktuelle kommunane).

Årsmøtet er det øvste organet til reinsdyrlaget.

Føremål

Føremålet til laget har vore uendra frå skipinga i 1926 og er slik: ”Laget har til fyremål å nyttiggjera reinbeiti i høgfjellet millom Hardangerfjorden og sud- og sudvestsida av Vossebygdene”.

Hardanger og Voss reinsdyrlag skal syte for:

- Ei langsiktig ressursforvaltning
- Ivareta parteigarane sine interesser.
- Forvalte reinstamma og administrere uttak av dyr.
- Vere høyringsorgan i saker som gjeld reinstamma og beiteområda til reinen.

Det geografiske området (sjå eige kart)

Den geografiske avgrensinga av beiteområdet til reinen er slik: I nord – sørsida av Vossadalføret; i aust – Granvin, riksveg 13; i sør – Hardangerfjorden, fylkesveg 7; i vest – Samnanger, fylkesveg 7. Fjellområdet er godt avgrensa frå naturen si side, og ein kjenner ikkje til inn- eller utvandring av dyr frå/til andre område. Reinsdyrlaget sitt beiteområde er markert på vedlagt kart.

Beite- og driftsforhold – storleiken på flokken

Samla areal som vert nytta til reinbeite er 940 km². Dei høgastliggjande delane av dette fjellområdet ligg på 1100 til vel 1300 moh. I dei høgastliggjande områda er det ein del impediment med ein god del skarv og stein. Elles er det frodige beiteområde. Det er rikeleg med gode sommarbeite for reinen. Etter styret si vurdering er det vinterbeitet som set grense for kor stor flokken kan vere. Det er normalt rikeleg med snøfenner den varmaste tida av sommaren.

Reinen brukar i dag heile beiteområdet. Dei største flokkane held seg mest i området vest for Fyksesundet (Skrott, Geitafjell og Fuglafjell) og i det sentrale fjellområdet aust for

Fyksesundet og vest for Bordalen (Gråsida). På vinterstid trekkjer noko av reinen tidvis vestover i Samnangerfjella. I tillegg har vi ein mindre flokk i fjellområdet mellom Bergsdalen/Hamlagrø og Bolstadfjorden/Evanger (Bergsdalsflokken) og ein flokk i fjellet aust for Bordalen (Bordalsflokken). Det er kontakt tidvis mellom flokkane, særleg på vinteren.

Teljing av reinen i fjellområda til Hardanger og Voss Reinsdyrlag våren 2016 og våren 2017 viser at vinterflokken no er nede i 230-250 dyr. Dette er vesentleg lågare enn dei bestandsvurderingane vi har gjort til og med 2014, då vinterbestanden har vore på 350-400 dyr. Truleg har den snørike vinteren og svært seine våren i 2015 vore hard for dyra. På hausten har dyra vore i god kondisjon med gode slaktevevter. Vi ynskjer å sikre denne tilstanden og meiner det er rom for å byggje opp att vinterbestanden til 400 dyr. Det er eit mål for laget at Bergsdalsflokken ut frå beitegrunnlaget, ikkje skal overstige 40 dyr etter slakting. Bordalsflokken tel knapt 20 dyr i dag. Målet er å byggje opp denne flokken til ein vinterflokk på 30-40 dyr.

Gjennom fleire år har vi registrert eit relativt lågt kalvetal. Det har likevel vore ei positiv utvikling dei siste åra, med unntak av 2015, då kalvetalet var svært lågt. Kvifor kalvetalet har vore så lågt, er uvisst. I 2015 kan dette truleg skuldast den harde og langvarige vinteren. Elles har vi i lengre tid hatt ein stor førekomst av kongeørn i fjella våre. Dersom den positive tendensen vi har sett dei siste åra held fram, vil vi ha eit godt grunnlag for å byggje opp att flokken.

Vi ynskjer ikkje å ha fleire bukkar i bestanden enn naudsynt. Ein for stor del vaksne bukkar skapar meir uro før og under paringsperioden og auka fare for at bukkane påfører kvarandre skade. Ein vil såleis halde fram med å ta ut eit relativt høgt tal bukkar for å nå eit mål om ca 40% vaksne simler i bestanden

Uttak

Med utgangspunkt i ovannemnde forhold, er det naudsynt med eit forsiktig uttak av dyr dei næraste åra. Årsmøtet har slutta seg til at det hausten 2017 kan takast ut opp til 20 dyr, dersom kalvetalet gjev grunnlag for det. I 2018 skal det ikkje takast ut dyr. Deretter vurderer styret uttak av dyr på grunnlag av bestandsutviklinga.

Dersom det vert teke ut dyr i 2017, legg vi til grunn følgjande retningsgjevande avskytingsplan.

Bukk		Simle/ungdyr		Kalv		Totalt	
Tal	%	Tal	%	Tal	%	Tal	%
10	50	5	25	5	25	20	100

Styret organiserer jakt og utdeling av kjøt. Styret avgjer kvart år kor mange og kva slag dyr som skal takast ut, basert på observasjonar i flokken og talet på kjøtpartar som år om anna skal delast ut. Dessutan er det eit mål å ta ut ”skrapdyr”.

Slaktinga går føre seg ved jakt. Dei same reglar som elles gjeld jakt på storvilt, skal følgjast. Ein viser her til laget sine retningslinjer for slaktinga:

1. *Under jakta skal det alltid vere ein jaktansvarleg/ jaktleiar utpeika eller godkjend av styret.*
2. *Alle som skal ta del i jakta, skal ha avlagt jaktprøve/skyteprøve.*
3. *Det skal berre nyttast ammunisjon godkjend for storviltjakt.*
4. *Under jakta gjeld dei same krav til sikker og human jakt som elles ved storviltjakt. Her kan nemnast:*
 - *Ver alltid sikker på at bakgrunnen er trygg slik at ikkje andre jegerar eller turgåarar vert utsette for fare.*
 - *Skyt aldri inn i ein flokk.*
 - *Skyt ikkje på dyr i flukt (skil mellom flukt og rørsle!)*
 - *Skyt ikkje på urimeleg langt hald (max 120-150 m viss dyra er i ro).*
 - *Skotet skal rettast mot hjarte-/lungeregionen.*
 - *Prøv å unngå å skyte simle med kalv dersom ein ikkje også kan felle kalven.*
 - *Ved skadeskyting, eller ved mistanke om det, skal jakta stogkast til situasjonen er avklara og dyret evt. er felt.*

Rovvilt

Som nemnt har det i lengre tid vore stor forekomst av ørn i fjellområda våre. Det har også vore sikre observasjonar av gaupe og jerv i området, truleg streifdyr.

Teljing og tilsyn med dyra

For å halde eit godt tilsyn med dyra og for at styret kvart år skal ha eit best mogeleg grunnlag for å avgjere kor mange og kva dyr som skal slaktast, har styret peika ut 4 tilsynsmenn, som i tillegg til styremedlemmene har som oppgåve å føre tilsyn med og ha oversikt over dei ulike flokkane i kvar sine område.

Hardanger og Voss Reinsdyrlag
v/Olav Finne
Giljavegen 346
5708 Voss

Voss 19. mars 2019

Norges vassdrags- og energidirektorat
v/Erlend Bjerkestrand og Sissel Belgen Jacobsen
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Innspel til «Nasjonal ramme for vindkraft på land» – analyseområde 17

Hardanger og Voss reinsdyrlag har fått kjennskap til at det pågår eit analysearbeid med sikte på å finne eigna område for produksjon av vindkraft på land. Vi viser til felles uttale frå Voss utferdslag og Bergen turlag om analyseområde 17. Reinsdyrlaget ynskjer å komme med innspel til analysearbeidet.


Hardanger og Voss reinsdyrlag SA er eit selskap med knapt 520 parteigarar. Parteigarane er grunneigarar med beiterett i det aktuelle fjellområdet i kommunane Granvin, Voss, Kvam, Vaksdal og Samnanger. Reinsdyrlaget vart skipa 28. august 1926 med formål om «å nyttiggjera reinbeiti i høgjellet millom Hardangerfjorden og sud og sudvestsida av Vossebygdene». Storleiken på vinterflokken har dei seinare åra variert mellom 300 og 400 dyr. Kopi av gjeldande driftsplan og kart som viser interesseområdet til reinsdyrlaget er vedlagt. Etter laget sine røynsler, er det beitegrunnlag for å halde ein vinterbestand på 350 – 400 dyr innanfor det området som er markert på kartet.



Reinbeiteområde Hardanger og Voss reinsdyrlag. Areal 500 m.o.h. (rosa farge)

Reindrift har lange tradisjonar i det aktuelle fjellområdet. Dette er dokumentert gjennom skiping av Voss Reinsdyrinteressentskap den 14. desember 1844. Truleg har det vore reinsdrift og i tidlegare tider, utan at dette let seg dokumentere gjennom skriftlege kjelder. Voss Reinsdyrinteressentskap vart formelt avvikla i 1927, året etter at Hardanger og Voss Reinsdyrlag vart skipa.

Analyseområde 17 omfattar praktisk tala heile interesseområdet for laget. Vi har registrert at Miljødirektoratet har føreslege at området som ligg vest for Fykkesundet/Hodnaberg, som vist med blå farge på kartutsnittet nedanfor, blir teke ut av området som skal vurderast vidare for vindkraftutbygging.



Dette er i samsvar med reinsdyrlaget sine interesser og det er vi glade for. Det er likevel eit stort fjellområde aust for Fykkesundet som framleis vert vurdert til å vere aktuelt for vindkraftutbygging.

Dette fjellområdet har vore og er det mest sentrale området for reinsdyra. Det var i dette området reinsdrifta starta i 1844 og det er her den største delen av reinsflokken beiter også i dag.

Store deler av fjellområdet har eit urørt preg med få synlege tekniske inngrep. Vasskrafta i området er utnytta. Inngrepa har likevel vore skånsame i høve til reinsdyra og har ikkje gjeve merkbare problem knytt til beiteområde og trekkveger for dyra. Det er til dømes ikkje bygt vegar innover i fjellet i samband med den vasskraftutbygginga som har skjedd. Sjå vedlagde fotografi frå området mellom Voss og Hardangerfjorden.

Vindkraftutbygging vil derimot måtte føre til omfattande tekniske inngrep. Vindparkar vil vere arealkrevjande i seg sjølve og vindturbinane vil påverke store areal utanom vindparkane. I tillegg vil det vere naudsynt å etablere eit omfattande vegnett i samband utbygging og drift av vindparkane.

Reinsdyra vil vere sårbare for slike store naturinngrep. Beiteområdet vil verte innsnevra og trekkruiter vil verte sperra. Dette vil gje stor negativ påverknad på reinsflokken og vil redusere grunnlaget for framtidig reinsdyrhald i dette fjellområdet. I tillegg til parteigarane i reinsdyrlaget sine interesser knytt til ei levedyktig reinstamme, har reinsdyra og stor opplevingsverdi for fjellvandrarar. Dette må vektleggjast i det vidare arbeidet.

Av omsyn til reinsdyra og av omsyn til den viktige verdien området har som urørt rekreasjonsområde, bør også fjellområdet aust for Fykkesundet ekskluderast frå vidare planar om vindkraftutbygging.

Vi ber om at Hardanger og Voss reinsdyrlag vert registrert som høyringspart i saka.

Helsing

Olav Finne

For styret i Hardanger og Voss reinsdyrlag

3 vedlegg

- Driftsplan for Hardanger og Voss reinsdyrlag
- Kart som viser reinbeiteområdet
- Fotografi



Frå Torfinnsdalen mot Kaldenuten og Kvam. Fotograf Olav Finne



Torfinnsdalen. Fotograf Olav Finne



Reinsdyr ved Juklavatnet (sør for Kaldenuten). Fotograf Joar Himle



Frå Kulevatnet (Kalavatnet) mot Voss. Fotograf Sigbjørn Linga



Frå Bjølsegrøområdet mot Karaldenuten og Bordalen/Voss. Fotograf Sigbjørn Linga



*Frå Bjølsegrøområdet mot Karaldenuten (Etter utbygging av kraftlina Sima – Samnanger.)
Fotograf Sigbjørn Linga.*



Frå Karaldenuten mot Grubbafjellet og Kinsarvik. Fotograf Joar Himle



Slettafjellet, Torfinnshorgi og Hjortahorgi. Fotograf Robert Dalland



Frå Slåttebakkane mot Kaldenuten. Fotograf Trym Helge Carlsen



Frå Kaldenuten mot Torfinnsvatnet og Gråsida. Fotograf Robert Dalland



Stølen Svortegjelet mot Kaldenutane. Fotograf Robert Dalland



Torfinnsvatnet, Haugane og Kaldenutane. Fotograf Robert Dalland



Timaglaset på Gråsida. Fotograf Joar Himle

